

Intervju med Gry Buer

Skriven av Vilde Fatland Njåten (15) og Adrian Trovåg Fimreite (13)

#Sommarredaksjonen Solund 2025 – Juli 25 Solund kommune

Den lokale kunstnaren Gry Buer har årets sommarutstilling i fjøsgalleriet på Losna. Vi i Sommarredaksjonen har intervjuet Gry Buer for å få lære meir om Gry og kunsten hennar.

- **“Kvifor/korleis starta du som kunstnar? Kva fekk deg til å velje denne vegen?”**

“Eg har ei mor som er kunstnar, elles i familien min har eg onklar, tanter og fettrar som og er kunstnarar. Eg trur nok at eg blei støtta i valet mitt ved å sjå at andre kunne leve av kunst,” fortel Gry.



Bilete av Gry Buer. Foto, Vilde Fatland Njåten. 07.2025

- **“Kvifor gav du namnet “Is it a fjord” til utstillinga di på Losna? Kva var baktanken bak den tittelen?”**

“Ja, tittelen har ein ganske stor betydning. Det handlar veldig mykje om turistnæringa og om korleis vi i Noreg prøver å selje Noreg bit for bit.” Seier Gry. “På den måten kan det være litt vanskeleg for oss å sjå naturen som mykje dypare og kompleks.”

"Naturen vår er både under press for forureining og overbelastning. Habitatet til mange artar forsvinn heile tida. Det er viktig at vi tek vare på naturen med eit heilskapleg perspektiv, ikkje berre stykkevis."

"'Is it a fjord' spelar også ironisk på ein brosjyre som heiter 'Visit the fjord'."

"Det var ganske djupt, det var mykje meir til det enn ein ville trudd" Sa Vilde

"Ja, eg ønskjer at det skal ligge eit alvor i heile konseptet," svarar Gry.

- **"Kvifor er fuglar ein så stor del av utstillinga din?"**

"Fuglar er ein stor del av utstillinga min, fordi at de er noko vi ikkje legger så godt merke til. Vi ser at dei er her, vi legg merke til dei, men, vi har for lite kunnskap om dei."

"Plutseleg forsvinn ein fugleart også berre gløymer vi det."

"I ein bok eg lagde står det om fuglar som eigentleg ikkje eksisterer, altså

"fantasifuglar" som eg har funne på. Det er min måte å si at vi må passe litt betre på, vi må være litt meir oppmerksam på kva som skjer med artane."

- **"Har kunststilen din utvikla seg over tid? Og viss ja, korleis var den før?"**

"Ja, den har forandra seg mykje. Eg begynte med grafikk kunst." Forklara Gry.

"Eg begynte å male fordi det var enklare å male eit lerret enn å få tilgang på et trykkeri og det kravde mykje mindre utstyr. "Det eg malte før, er ganske ulikt det eg lagar no."

- **"Har du alltid haldt på med abstrakt kunst?" Spurte Vilde.**

"Nei, ikkje alltid. Eg har også jobba med representativ kunst, spesielt med motiv av fuglar", Svarar Gry

- **"Kva kjensler får du av å skape kunst? Er det ein lidenskap eller er det berre ein kjekk hobby?"**

"For min del så er det ein lidenskap. Viss eg kunne ha vært på atelieret mitt å malt i 24 timer så hadde nok eg vore veldig nøgd."

- **"Kva er det bileta dine representerer? Kva er inspirasjonen din?"**

"Det som ligger i inspirasjonen bak alle bileta mine er naturopplevingar. Bileta mine er opne for betraktarane mine. Det tenker eg er viktig slik at dei kan ha fridom til å bestemme sjølv kva det er dei ser, og kva dei meiner bilete betyr."

- **“Kvifor valde du og ha utstillinga på losna? Gjerne utdjup deg.”**

“Først og fremst var det fordi at Einar Losnegård spurte om eg ville stille ut på Losna. Det svarte eg ja til med eingong fordi han har skapt ein moglegheit og arena for kunstnare. Eg synest det er viktig å støtte opp om det arbeidet han gjer.”

- **“Kva tenkte/tenke du om lokale du hadde utstillinga på? Var det, t.d. med på å skape stemning til kunstverka dine? Eller passa ikkje lokale så bra?”**

“Eg synest det passet veldig bra, da eg hang opp bileta mine synest eg det så veldig fint ut og eg ble veldig nøgd. Eg synest det skapte ein god stemning mellom det som var der frå før og kunsten min.”


- **“Kva rolle meiner du kunst har/burde ha i samfunnet i dag?”**

"Kunst har alltid blitt sett på med eit litt kritisk blikk. Mange ser på kunst som noko 'rart' og utilgjengeleg.

Men når eit kunstverk blir presentert, viser det seg ofte at folk har sterke meiningar – og det skaper identitet," forklarar Gry.

"Lysfestivalen i Solund, for eksempel, er ein lyskunstfestival som eg trur kjem til å bli meir og meir integrert i lokalsamfunnet."

“Eg trur, eller eg veit at det å drive med kunst fra ung alder er viktig. Fordi det er med å utvikle fantasi og meistring. Så eg meiner at kunst er eit av de viktigaste tinga vi har på skulen, det skaper “menneska”.” Seier Gry helt til slutt.



Kunst frå Gry Buers sin kunstutstilling «Is it A Fjord», <https://www.grybuer.com/portfolio>